

Næringsseminar med tema teknologi og digitalisering.

08.06.2018



Næringsseminaret med lunsj er eit fast innslag på Festidalen.

**Næringsseminaret stiller også i år med interessante og engasjerte føredrag. Hovudtemaet i årets seminar er teknologi, digitalisering og robotisering, der det også blir høve til å høyra spennande gründerhistoriar til inspirasjon for alle.**

Som i fjor blir det servert pausemat av førsteklasses råvarer frå lokale leverandørar.

Festidalen sitt næringsseminar er ein hyggeleg og inspirerande møteplass for næringsliv og andre interesserte. Kombinasjonen av nyttig lærdom og god drøs er aldri feil.

Til å losa oss gjennom programmet har vi fått med oss godgutane Tomas Bruvik og Arne Torget. Uskedalen.no kjem attende med tidsplan og namn på innleiarar.

Tekst: Pressemelding

Foto: Festidalen

Nett: Kristian Bringedal